



Bremnes idrettslag v/ friidrettsgruppa

Dato: 19.11.2015  
Vår ref.: 2014/24253-184  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Underretting om vedtak - Opne søknader hausten 2015 - terrengløp

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til terrengløp.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsama søknaden dykkar på møte den 11.11.2015, sak 174/15. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert samla opp og handsama i samlesak ved avslutninga på kvart semester.

Kultur- og ressursutvalet vedtok prosedyrar og føringar for korleis dei opne søknadane skal handsamast i sak 13/15 i møte 22/01 2015. Informasjon om dette ligg også på tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Det vart handsama 23 opne søknadar i denne saka.

### Grunngjeving

Ved vurdering av søknadane vart det lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som står opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk slik den er vedteken i Regional kulturplan – Premiss: Kultur.

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til vedlagt saksframlegg og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no). Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik, Hanne Espe

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*